



## **STATENS UTDANNINGSKONTOR I ROGALAND**

### **TILBAKEMELDING FRÅ KOMMUNEBESØK I BJERKREIM KOMMUNE 24. APRIL 2001**

#### **INNLEIING**

Statens utdanningskontor var på kommunebesøk i Bjerkreim kommune 24. april 2001. Utdanningskontoret sitt føremål med slike besøk er å fremja dialog og kontakt og å få konkret kunnskap om situasjonen i kommunen. Med utgangspunkt i ny opplæringslov og arbeidet med innføringa av L97, vart det fokusert på kvalitetsutvikling og kvalitetsvurdering og særleg på utviklingstiltak knytte til ungdomssteget. Bjerkreim kommune planla detaljane i programmet saman med utdanningskontoret og sende inn utfyllande dokument før besøket. Utdanningskontoret er godt nøgd med førearbeidet.

Kommunebesøket starta på VOKS – senteret på Vikeså som inneheld skole, barnehage, musikkskole, skolefritidsordning, avdeling for tilpassa opplæring og bibliotek. Her vart det orientering og omvisning med hovudvekt på Vikeså skule. Utdanningsdirektøren fekk oppleve at kommunen gjennom VOKS – senteret har lagt tilhøva vel til rette for eit oppvekstmiljø som kan gi barne og unge eit heilskapleg tilbod i barnehage, skole og fritid.

Ved kommunebesøket i Bjerkreim deltok følgjande frå kommunen: Ordførar Asbjørn Gjedrem, rådmann Olav Friestad, personalsjef Magnor Oma, leiar for utval for levekår Peder Eikeland, oppvekstsjef Lars Iversen og rektorane Christopher Songe og Dag Voigt.

Ved besøk på Vikeså skule møtte vi også: leiar for elevrådet Kjetil Apeland, FAU-leiar Gaute Bjørnsen, rektor Christopher Songe, inspektør Liv Gjedrem, inspektør Lisebet Vassbø, representant for Lærarlaget Olav Vølstad, leiar av spesialpedagogisk-team Gerny Nedrebø og representant for pedagogisk-psykologisk teneste Guri Vaaje.

Frå utdanningskontoret deltok utdanningsdirektør Sigmund Sunnanå og rådgivar Mary-Ann Drange.

Rapporten er skriven med utgangspunkt i kommunebesøket, innsende dokument og annan kontakt mellom utdanningskontoret og Bjerkreim kommune.

#### **KVALITETSUTVIKLING OG KVALITETSVURDERING**

##### **Utviklingsarbeid**

Bjerkreim kommune framstår som utviklingsretta og er oppteken av at det må arbeidast grundig over tid når ein ønskjer å endra praksis i klasserommet. Kommunen har komme fram til eit felles verdigrunnlag og arbeider nå med å setja standard på arbeidet i ulike område i verksemda. Utgangspunktet for utviklingsarbeidet er å ta vare på det som er godt, på kontinuitet i undervisninga og kompetanse i fag. Ein har hatt grundige diskusjonar på kva ein

vil endra og korleis ein vil gå fram for å få endring. Satsingsområde for kommunen er mellom anna prosjektarbeid som metode, ny lærarrolle, elevmedverknad i planlegging og organisering av undervisninga, teambygging, gode og allsidige læringsmiljø, hospiterings- og permisjonsordningar.

Vikeså skule har elevrådsarbeid som eit av satsingsområda, og gjennom deltaking i HESST har elevane fått meir innverknad på t.d. innhaldet og organiseringa av prøvar. Prosjektdeltakinga har ført til endringar i læringssyn og av elev- og lærarrolle. Skolen vil ein periode neste år prøva ut ny organisering av skoledagen tilpassa rammene ein skole har når halvdel av elevane brukar skoleskyss. Hovudutfordringa er å ivareta fagkontinuiteten på ungdomssteget i temaorganiseringa. Skolen satsar på fysisk fostring og vil i den samanheng starta med uteskole også på mellomsteget, samstundes som ein vil prøva ut friluftsskole for 8. klassesteg i staden for leirskoleopphald.

Bjerkreim skule jobbar teamorganisert og brukar element frå Narvestadskolan og Sjøstrand skole i Vågsbygd som modellar i utviklingsarbeidet. Skolen har følgjande satsingsområde: elevmedverknad, fleksibel organisering på tvers av fag- og aldersgrupper og tilpassa opplæring. Som eit tiltak i skolens vidareutvikling av Sjøstrandmodellen vil ein frå hausten av ha sosiallærarfunksjon.

Det er lagt vekt på tiltak for å styrkja tilpassa opplæring og leggja til rette for auka elevaktivitet og elevmedverknad.

Skolen i Bjerkreim ønskjer å førebyggja åtferdsproblem gjennom å arbeida tverrfagleg. Samarbeidet i VOKS-senteret, skolehelseteam og koordineringsteam er tiltak i dette arbeidet.

Kommunen har starta kompetanseutvikling gjennom hospiteringsordningar. Førebels gjeld ordninga hospitering i andre skolar, ikkje mot arbeidslivet. Skoleleiarane deltek på nettverkssamlingar for skoleleiarar i Dalane. Dette er planlagt koordinert med Samtak-programmet. Vikeså og Bjerkreim skolar har utvikla eit prosjekt innan Samtak der ein vil styrkja tilpassa opplæring. Kompetanseutviklingstiltaka elles er gjennomførte i tråd med innsende planar. Etter utdanningsdirektøren si vurdering blir det nå arbeidd grundig med kvalitetsutvikling i skolen i Bjerkreim. Det er viktig å arbeida for å ha variasjon i opplegg og arbeidsmåtar. Kommunen sin startegi med å gå langsamt framover og å involvera foreldre og elevar synest vellukka, og det ser ut for at kommunen klarer å utnytta det handlingsrommet ein har innanfor lov og læreplanar.

### **Skolevurdering**

Kommunen har lagt Strategi for kvalitetsutvikling 1999-2001 til grunn for skolevurdering. I arbeidet har ein valt å setja fokus på elevaktivitet for slik å kunna seia noko om kvalitet. Fem klassar er med i ei brukarundersøking dette skoleåret. Undersøkinga skal gjennomførast i samarbeid med eigersund kommune og skal munna ut i ein rapport til Levekårsutvalet. Leiaren av FAU var godt nøgd med skolen som ifølgje han hadde ein høg fagleg kvalitet.

Elevrepresentanten var også godt nøgd med skolen. Det var gildt å driva elevrådsarbeid etter at dette vart eit satsingsområde. Som leiar av elevrådet hadde han faste samtalar med rektor.

### **Informasjons- og kommunikasjonsteknologi**

På dette området har kommunen følgjande satsingsområde: Kompetanseheving hos lærarane og i skolane og kvalitetsutvikling generelt innanfor IKT. IKT skal vera nyttiggjort i opplærings situasjonen som eit hjelpemiddel i alle fag og emne, vidare skal lærarane særleg på ungdomssteget, få styrkja og vidareutvikla kompetansen i bruk av IKT. Vikeså skule har som mål at ein skal sikra at alle elevar uavhengig av ressursar i heimen får kjennskap til og elementær dugleik i å bruka IKT.

Elevane får tilbod om opplæring i utforming av heimesider. Under besøket fekk utdanningsdirektøren innblikk i korleis ei gruppe arbeidde med å skapa eigne heimesider.

### **Organisering av arbeidet på det spesialpedagogiske området**

Skolane i Bjerkreim har eit eige prosjekt innafor Samtak for 2001 om spesialpedagogisk undervisning og tilpassa opplæring. Opplæringa blir organisert etter modell frå Sjøstrand skole i Vågsbygd. Det er tiltaksbok for kvar klasse, og kvar skole har eit koordineringsteam samansett av rektor, leiar av spesialpedagogisk team og klassestyrar. Koordineringsteamet har møte ein gong pr. veke. Skolane si satsing på tilpassa opplæring gjennom omfordeling av ressursane har ført til ein vesentleg reduksjon av talet på enkeltvedtak. Utdanningsdirektøren ser det som viktig at PPT og skolane i fellesskap greier å trekkja ein grenseoppgang mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning, slik at ein sikra at dei elevane som har rett på spesialundervisning, får retten sin innfridd. Vidare er det viktig at informasjonen til heimane er så god at foreldra kjenner til kva for tilbod barna deira får.

Bjerkreim kommune kjøper tenester frå PP-tenesta i Dalane. Det er ventelister, og frå kommunen si side vart det uttrykt misnøye med at det tok for lang tid frå ein elev var meldt opp til PPT kom med ei sakkunnig tilråding. Det vart vist til at elevar melde opp i september 2000 ikkje var utreda. Gjennom Samtak-satsinga er arbeidet til PPT dreia mot systemisk arbeid i klasserommet, og utdanningsdirektøren vil understreka at det er viktig at skolar og PPT i samarbeid kjem til fram til gode løysingar. Det sentrale her må vera at ein klarer å redusera ventelistene samstundes som ein set skolane i stand til å hjelpa seg sjølv.

### **Musikk- og kulturskoletilbodet**

Bjerkreim kommunale musikksskole gir tilbod i musikk, dans, teater og bilete. Kommunen har i dag ei dekking på godt 24 %. Vi vurderer dette som bra. Bjerkreim kommunale musikksskole gir tilbod i musikk, dans/rørsle og bilete.

### **Skolefritidsordning**

Det er etablert SFO 4 dagar i veka. Bjerkreim er ein kommune med lite behov for ei slik ordning, og dette gjer at det er få barn frå kvart klassesteg som nyttar ordninga og at ein dermed har få barn å spela på. SFO har ønskje om ein eigen base i VOKS-senteret. I dag held ein til saman med småskolesteget og har ein del utfordringar med å finna rom for aktiviteten.

Etter utdanningsdirektøren si vurdering har ein greidd å få til ei god lokal tilpassing i skolefritidsordninga.

### **Skolebesøk**

Besøket i Bjerkreim vart gjennomført med møte på Vikeså skule. Vi fekk orientering om skolen, om arbeidet i skolen og høve til å møta elevane og lærarar i arbeid. Vi fekk også vera med på eit fellesmøte med lærarane ved skolen. For kommande skoleår vil Vikeså skule satsa på å utvikla eit rikt læringsmiljø for elevane. Skolen ønskjer m.a. å prøva ut andre organiseringsformer av skoledagen der temaorganisering på tvers av klassar vil vera eitt av tiltaka. Prosjektarbeidsforma blir mykje nytta, og skolen vil satsa på større elevmedverknad m.a. gjennom deltaking i HESST, på fysisk fostring og på tilpassa opplæring. Utdanningsdirektøren merka seg skolen si organisering av tilvalsfag i aldersblanda grupper for at elevane skulle få høve til fleire alternativ å velja mellom. Entusiasmen hos elevane og lærarane var stor på dette området.

## **ØKONOMI OG FORVALTNING**

### **Skoleanlegg**

Kommunen har tidsmessige skoleanlegg etter at renovering av Vikeså skule vart sluttført i 2000. Kommunen satsar på ei vidareutvikling av VOKS-senteret og av uteområdet ved dette senteret.

### **Driftsrammer**

Kommunen har stram økonomi og det er ønske om større ressursar til skolesektoren. GSI/SSB-statistikken viser at Bjerkreim er stabil med omsyn til kommunen si satsing på utdanningssektoren i perioden 1995-2000. Driftsutgifter pr. elev i 1999 er litt over snittet i Noreg totalt, men klart under landssnittet for kommunar av same storleik (2000-5000 innbyggjarar). Men her spelar skolestruktur og geografi inn då mange av kommunane ein samanliknar med er øykommunar med fleire små skolar. Førebels GSI-statistikk for 2000/2001 viser samstundes at Bjerkreim kommune gir spesialundervisning til 8,49 % av elevane i grunnskolen. Til samanlikning er gjennomsnittstala for landet 6 % og for fylket 5,18 %.

Kommunen ligg bra an når det gjeld timeressursar utover minstetimetallet samanlikna med lands- og fylkesgjennomsnittet.

## **UTVIKLINGSOMRÅDE FOR KOMMUNEN**

Kommunen har gjennomført ei omorganisering av den kommunale administrasjonen som ein frå kommunen si side er godt nøgd med. Frå tradisjonell etatsorganisering har ein nå tre tenesteområde, der tenesteområdet oppvekst inkluderer skolar, barnehagar, musikk og kulturskole, skolefritidsordning, vaksenopplæring og bibliotek. Oppvekstsjefen sit i leiargruppa som møtest ein gong i veka. Kommunen ser det som ei utfordring å få alle som arbeider med levekår til å samhandla, mellom anna har sosialsjef og oppvekstsjef felles ansvar for dei to barnehagane i kommunen. Frå politisk leiing vart det understreka at ein ser på oppvekstsektoren som ei investering i framtida og at ein ønskjer godt samarbeid på alle forvaltningsnivå. Ved dei årlege leiarsamlingane er også skoleleiarane med. Etter omorganiseringa har rektorane ansvar for opplæring, budsjett, enkeltvedtak, tilsetjingar i vikariat inntil eitt år, bygg, og SFO, ei ordning dei er nøgde med.

Kommunen har teke i bruk hospiteringsordningar som tiltak i kompetanseutvikling, og utdanningsdirektøren ser det som viktig at kommunen brukar desse ordningane også i høve til

næringslivet. Kommunen manglar eigen vaksenopplæringsplan. Utdanningsdirektøren minner om at kommunane er lovpålagde å ha ein plan for vaksenopplæring, anten som eigen plan eller som del av anna planverk som t.d. i planar for næringsutvikling.

### **AVSLUTTANDE MERKNADER**

Utdanningskontoret fekk godt innsyn i utviklinga i skolesektoren gjennom kontaktbesøket. Opplegget og gjennomføringa av besøket gav nyttig og god informasjon. Statens utdanningskontor takkar Bjerkreim kommune og Vikeså skule for eit verdfullt og innhaldsfyllt kontaktmøte. Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet med utviklinga av skolen.

Stavanger 31.05.01

Sigmund Sunnanå  
utdanningsdirektør

Mary-Ann Drange